

**Forslag til endringar i forskrift 6. juni 2017 nr.13 om opptak til høgare utdanning  
vedlegg II (Liste over tabellar for omrekning av karakterar frå utanlandsk  
vidaregåande opplæring)**

*Gjeldande rett*

Det har vore lagt til grunn at karakterskalaen for ukrainsk vidaregåande skule har 4 som lågaste ståkarakter, men dette har vist seg å vere feil. Karakterskalaen 1–12 vart innført i 2000 og erstatta karakterskalaen 2–5 som stamma frå sovjetisk tid. I skalaen 2–5 var 3 den lågaste ståkarakteren.

Då karaktersystemet i Ukraina vart reformert, vart det indikert at ulike intervall i den nye 12-trinnsskalaen tilsvare ulike trinn i den gamle, og det vart opplyst at 1–3 i den nye skalaen skulle tilsvare den gamle strykkarakteren 2. På grunnlag av denne tolkinga har ein rekna 4 som lågaste ståkarakter i 12-trinnsskalaen for å kunne fullføre og bestå ukrainsk vidaregåande skule.

*HK-dir si vurdering*

HK-dir har aldri observert ukrainske søkjarar med eit snitt lågare enn 4, men ny informasjon om det ukrainske utdanningssystemet viser at ein kan få vitnemål frå ukrainsk vidaregåande skule med snitt heilt ned til 1. Difor har HK-dir no laga ei ny tabell for omrekning av karaktersnitt frå Ukraina som gjeld karakterar gjevne i skalaen 1–12.

Forslag til ny tabell for Ukraina og omrekningstabell følgjer vedlagt. I omrekningstabellen er gjeldande tekst ~~stroke over~~, og ny tekst er **utheva**.